


Vestre Slidre kommune

# Skiløypeplan

Vedteke i kommunestyret 15.februar 2024

- Planavgrensing
- Eksisterande løype
- Eksisterande løype, unøyaktig plassert
- Eksisterande løype som bør/må erstattast
- Stipla. Foreslått ny løype
- Stipla. Mogleg alternativ løype
- Myr
- Veg
- Regulert veg
- Noverande eller regulert hytte
- Hytteområde i kommuneplan
- Dyrka mark

**Skiløypeplan for hytteområda Vaset-Syndin**

## Tekstdel

Denne planen gjeld for skiløypenettet som er etablert eller kan etablerast for preparering med løypemaskin.

Foreslåtte nye løyper i planen er løyper som er vurdert å få ein viktig funksjon

Foreslåtte alternative løyper i planen er følgjande:
1. Alternativ til ei etablert løype
2. Alternativ til ei foreslått løype
3. Alternativ til andre alternative løyper
4. Ei  mogleg ny tilkomstløype eller ein snarveg

<u>Tekniske retningsliner for trasear:</u>
1. Traseane må vere minimum 6 m breie, i reguleringsplanar skal breidda vere minimum 8 m.
2. Sidehelling brattare enn 1:8 bør unngås. Unntak er korte strekk.
3. Helling langs traseen bør ikkje vere vesentleg brattare enn 1:10 på lengre strekk og ikkje over 1:4 på korte strekk.
4. I krevjande bratte parti må ein ved kurvatur og vetetasjonsrydding legge til rette for god oversikt.
5. Når vegkryssingar må forekome i bratte strekk må løypa ha retningsforandring ovafor kryssingspunktet slik at farten blir redusert. Det må også vere god oversikt.
6. Punktet ovanfor bør også til ein viss grad gjelde for løypekryss

Skiløyper som buktar seg fram i terrenget og går litt opp og ned gir morsommare skigåing enn skiløyper i flate, rette strekk.

<u>Saksbehandling ved etablering eller utviding av trasear</u>
1. Hogging i vernskog ut over vedhogst er meldepliktig til kommunen etter forskrift til skogbrukslova §12.
2. Terrengendringar, inklusive grøfting, kan vere søknadspliktig etter plan- og bygningslova §20-1, bokstav j eller k. Kommunen skal då ma. ivareta viktige naturtyper, våtmarker og hensyn til vassdrag. Slike tiltak må også avklarast etter lov om kulturminne.

At ein trase går fram av denne planen betyr ikkje unntak frå melde- eller søknadsplikt

<u>Hensyn ved etablering eller utviding av trasear</u>
1. I blautt terreng må løypekøyring tilpassast slik at det ikkje oppstår spor i terrenget
2. Ved elvekantar må vegetasjon og terreng bli mest mogleg skåna
3. I område med forekomstar av raudlista fugleartar bør trasear ikkje leggast til rette for ferdsle på bar mark slik at det blir auka ferdsle i hekkeperioden.
4. Ta omsyn til reirtre, vakre tre og tilpass traseen til landskapet!

<u>Reguleringsplanarbeid</u>
1. Ved reguleringsplanarbeid skal dei foreslåtte løypene (blå) innarbeidast i reguleringsplanen, justeringar for å betre traseen kan skje. Nye planer skal ha rekkefølgeføresegner knytt til opparbeiding av traseane.
2. Ved reguleringsplanarbeid skal alternative løyper (lilla) vurderast og takast stilling til.
3. Skiløypetrasear over eit langt større område enn det aktuelle byggeområdet si utstrekning skal vurderast i reguleringsplanarbeidet. Dei skal innarbeidast anten ved utvida planområdeavgrensing, rekkefølgeføresegner eller i utbyggingsavtale.
4. Tenk «ski in – ski out»! Reguleringsplanar skal legge til rette for interne løyper som kan gås opp eller preparerast og gi lett tilgang for flest mogleg til skiløypenettet til fots eller på ski.